



**Raudt Høyanger**

Høyanger, 25.3.10

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa  
Pb. 8010 Dep.

0030 OSLO

Bruk reservasjonsretten mot datalagringsdirektivet

**EU sitt datalagringsdirektiv strir mot grunnleggande demokratiske rettar i landet vårt. Raudt Høyanger meiner derfor at Noreg må bruke reservasjonsretten i EØS – avtala mot direktivet.**

Direktivet pålegg lagring av trafikkdata for e-post, ulike typar telefoni og Internett-tilgong i 6 – 24 månader under dekke av å skulle bekjempe alvorleg kriminalitet. Dermed er i utgangspunktet alle borgarar under mistanke. Dette inneber store utfordringar både i høve til personvernet, ytringsfridomen og kildevernet.

Politiet har dei siste åra fått høve til å bruke omfattande etterforsknings-metodar med innfrysing av trafikkdata og kommunikasjonskontroll målretta mot mistenkte for kriminelle handlingar. Lovbrytarar kan nytte seg av mange ulike måtar for å unngå lagring av data; MSN, Skype eller framande IP-adresser for å nemne nokre.

Datalagring er i tillegg både dyrt og utrygt, og sjansen er stor for at data kan hamne i urette hender. Kostnadane for sikker lagring kan bli mellom ½ og ein milliard norske kroner, og det kan føre til at slike tenester kan bli sett bort til lågkostland i Aust-Europa eller Asia der ein ikkje kan garantere kor sikker lagringa vil bli.

Det er grunn til å peike på at både det norske datatilsynet og tilsvarande myndigheiter i alle EU-land har vore krystallklare i sine protestar mot dette direktivet med den grunngeving at det overkøyrer personvernet og behandlar alle innbyggjarane som potensielt farlege kriminelle. I Tyskland har den tyske forfatningsdomstolen i mars 2010 avgjort at den tyske implementeringa av datalagringsdirektivet er forfatningsstridig. Lova er dermed ugyldig, og data som hittil har vore lagra må slettast.

Raudt Høyanger meiner dette skulle vere grunnar nok til å reservere seg mot direktivet, dersom det er EØS-relevant.

Med helsing  
Raudt Høyanger

Einar Rysjedal  
leiar

---

**Raudt Høyanger**

Boks 171

6991 HØYANGER

Heimeside: <http://raudt.no/høyanger/>

Leiaren sin heimelif.: 57 71 25 90

Leiaren sin mobiltof.: 99 24 12 76

E.post: [gautekaten@online.no](mailto:gautekaten@online.no)

Blogg: